


| | | | | | |
|--|---|---|----------------------------|---------------------------------|---------------------------------|
|  | Framgangsmåte ved bestilling av supplerande undersøkingar/prosedyrar i Helse Førde | | Dokument-id: D18334 | | |
| | | | Prosedyre | | |
| Organisasjon Samhandling eksternt Prosedyrar | Utarbeidd av Fagdirektør Hans Johan Breidablik | Godkjent av Adm. direktør Jon Bolstad | Versjon 1.00 | Gyldig frå 20.12.2013 | Rev. innan 20.12.2014 |
| EK-ansvarleg Breidablik, Hans Johan | | | | | |

Føremål og omfang

Prosedyra skal avklare ansvarsforhold og oppgåvefordeling mellom spesialisthelsetenesta og fastlege/kommunehelseteneste knytt til utgreiing/behandling av pasientar i Helse Førde der supplerande undersøkingar er naudsynte (t.d. klinisk-kjemisk lab, mikrobiologi, bilettdiagnostikk, endoskopiske us, patologiske).

Prosedyra er tverrgående og gjeld for alle kliniske avdeingar/seksjonar i Helse Førde, og gjeld for alle behandlingsansvarlege legar i desse.

Framgangsmåte

1. Tilstandar der opplysningar i tilvising og spesialisten/LIS-legen si initiale vurdering tilseier at tilfellet ligg innanfor den **aktuelle avdelinga sitt fagområde**, og der vidare utgreiing/behandling medfører at det må/bør gjerast supplerande undersøkingar.

Her skal legen i Helse Førde **alltid være ansvarleg for både bestilling og utfylling** av rekvisisjonar/bestillingar/tilvisingar til dei aktuelle supplerande undersøkingane. **Oppfølging** av resultat frå dei supplerande undersøkingane ligg også til den same legen med mindre ansvarleg leiar for avdeinga/seksjonen bestemmer noko anna. Oppfølging omfattar også melding tilbake til fastlege (evt. også til andre legar som pasienten måtte ønskje).

Dersom prosedyrar knytt til 20-dagarsregelen for kreft/kreftmistanke tilseier anna framgangsmåte, skal sistnevnde gå føre denne prosedyra.

2. Tilstandar der undersøkinge/vurdering av spesialisten/LIS-legen tilseier at pasienten har behov for vurdering/utgreiing/behandling innanfor ei **annan avdeling sitt fagområde**.
 - a) Som **hovudregel** skal spesialisten/LIS-legen sjølv skrive dei naudsynte tilvisingar og evt. andre bestillingar til den andre avdelingen. Mottakande avdeling må vurdere om slik tilvising skal behandlast som ny primærttilvising og rettighetsvurderast på nytt. Det skal alltid gå melding tilbake til fastlege (evt. også til andre legar som pasienten måtte ønskje) om dette. Dersom det sparar pasientar for reisetid utover 30 minutt og spesialisten/LIS-legen ber om at blodprøve/andre prøvar vert teke hjå fastlegen, skal Helse Førde sin lege fyller ut dei naudsynte rekvisisjonane/bestillingane for dette og sende desse med pasienten eller sende desse til fastlegekontoret.
 - b) Alternativt kan det være tilfelle der det vil være **mest hensiktsmessig å be fastlege** (evt. også til andre legar som pasienten måtte ønskje) om å **stå for naudsynte vidare tilvisingar rekvisisjonar/bestillingar**. Eksempel på dette kan være funn og observasjonar der vidare observasjon/kontroll i kommunehelsetenesta er tilrådeleg før ein evt. bør bestille supplerande undersøkingar. Bakgrunnen for dette skal då finnast i pasienten sin journal, og den vidare framgangsmåten skal **beskrivast i epikrisa** til fastlegen (evt. også til andre legar som pasienten måtte ønskje). Pasienten eller representant for denne må også få beskjed.

3. Vidare **kontroll og oppfølging** av pasienten der dette skal/bør skje hos fastlegen (evt. også andre legar som pasienten måtte ønskje). Bestilling av supplerande undersøkingar kan då overlatast til fastlegen si eiga vurdering eller det blir gjeve råd frå sjukehuslegen om slike. Fastlegen

blir i slike tilfelle ansvarleg for å bestille og følgje opp dei aktuelle undersøkingane, evt. etter å ha konferert med spesialist. Pasienten eller den som representerer denne må få informasjon om at det må bestillast time hos fastlege.

Der supplerande undersøkingar skal skje innan eit tidsrom på **mindre enn 3 månader** etter konsultasjonen/behandlinga/innlegginga i spesialisthelsetenesta skal også sjukehuslegen som hovudregel bestille desse for pasienten og fastlegen få informasjon om dette.

4. For pasienttilfelle der fastlege/anna ekstern lege har hevnendt seg til sjukehuslege for å be om **råd** (telefonisk/via videokonferanse/o.a.) knytt til utgreiing, og i dei tilfelle der **tilvising er vurdert med rådgjeving** utan at pasienten har møtt personleg hjå spesialisthelsetenesta, skal fastlege/anna ekstern lege sjølv bestille/rekvirere/fylle ut dei nødvendige skjema, og også ha ansvaret for oppfølginga av resultatata i etterkant.

Avdelingssjef har alltid det overordna ansvaret for at denne prosedyra vert informert om og etterlevd på den aktuelle avdelinga.

Det skal skrivast avviksmelding (Synergi) ved brot på prosedyra.

Interne referansar

Eksterne referansar

Vedlegg

